

FINN EGIL EIDE

Horisontar

Her sto huset vårt, pappa
Faren er tvilande
Nei det må vera lengre borte i gata

Er dette noko gate, pappa?
Ta handa mi
fast

Enno drysser støv
Støvskodde
Ja, støvskodde

Her er det!
Eit under
Sjå!
Faren lirkar fram eit bilete av mor si

Han pussar det knuste glaset
Legg biletet under skjorta
No går me heim til teltet
Dei er visst ikkje ferdige her enno

Den vesle villapalen blømer
under fonna

Kvitveisen er kvitare enn snøen
Djupt der nede

Det gror

Asken må venta
Tenk på bladverket

Eg kan veksa under snøen
Kvitveis, epleblomar
hestehov og stjernegrass

Kven har spist opp rimet
farfar?

Det må vera sola

Men her er ikkje sol
og det var spor i graset
Hestespor

Jo, der er ein hest som beitar rim
Han var der sikkert før me vakna

Neste gong
skal eg vera vaken
Då skal eg ri
gjennom frostrøyken
og inn mot sola

Kva med meg då?

Du kan vinka

Vatnet
før tida renn

Eg ror i stilla
høyrer småfuglane
ser fiskane
der nede over blå tareskogar

Eg er og er
Også når eg stig iland

Jordbundne
steig me opp i noko
me ikkje forsto

vende oss lite
til opphavet

små glimt
av bortkomne spor
på ein nedgrodd gard

der hjorten beitar
gneg borken
renningane

men rører ikkje brennesla
som veks
der fjøsen sto

Dette vide landskapet
høgdedraga innover
havet der ute

Og denne brisen
Angane

No blæs det
ei dør slår og slår
timane er reiste her ifrå

Rogna
mellom hellene
på trappa

Her var det

Kjolen din
som blafrar
i eit minne

Tida trekkjer seg bort
Velsigna varm
er denne kvelden

Lauvkruna er her
Heggen er som fonna
Bjørka står
irrgrøn i alt det kvite

Attom øyane skimrar kveldslys
Skapar lune skuggar

I den gamle bjørkestubben
har humlene heimen sin

Eg trur ikkje dei tel dagane
Dei *er*